



Kristian Bekkenes  
Osterfjordvegen 1701  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7212 - 15/6473

Saksbehandlar:  
Lars Kristian Elnes  
lars.kristian.elnes@lindas.kommune.no

Dato:  
25.03.2015

## Mogleg ulovleg tilhøve - Førespurnad om utgreiing

Eigedom : Gnr. 238 Bnr. 8, 38 og 44

### Saka gjeld

Kommunen er gjort merksam på at det på eigedommane gnr. 238 bnr. 8, 38 og 44 vert oppbevart bilvrak og diverse søppel. Vi er vidare gjort merksame på at det vert brent og grave ned gjenstandar som kan føre til forureining av sjø.

Grunnboka syner at du er heimelshavar til eigedommane og er difor ansvarleg for å retta opp i eventuelle ulovlege tilhøve.

### Oppbevaring av bilvrak og søppel, plan- og bygningslova § 28-5

Plan- og bygningslova § 28-5 slår fast at «ubebygd areal i bebygde områder skal holdes ryddig og ordentlig stand. Kommunen kan forby lagring eller annen bruk av ubebygd areal, når det etter kommunens skjønn vil gjøre opphold eller ferdsel farlig, virke sterkt skjæmmende eller være til vesentlig ulempe.»

Føresegna pålegg eigar plikt til å halde ubygd areal i ryddig og ordentleg stand. Omgrepet «ubebygd» omfattar ikkje berre tomter som i si heilheit er bygd, men også ubygdde deler av ei bygd tomt. Kravet gjelder uavhengig av om eigdommen er regulert til byggeområde i plan.





Vi har vurdert saka og komme til at forholdet kan vere i strid med føresegna. Vi presiserer at dette er ei vurdering ut frå gitt informasjon og bilete frå egedomen.

### **Ureining, ureiningslova § 7**

Vi viser også til kommunen si plikt til å føre tilsyn som ureiningsmyndigheit, jf. ureiningslova § 48. Vi syner i den samanheng til forureiningslova § 6 som slår fast at «*med forurensning forstås i denne lov*

*1) Tilførsel av fast stoff, væske eller gass til luft, vann eller i grunnen».*

Vidare følgjer det av ureiningslova § 7 første ledd at

*Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillat etter vedtak i medhold av § 11.*


I andre ledd går det fram at

*(...) Har forurensningen inntrått skal [den ansvarlige] sørge for tiltak for å stanse, fjerne, eller begrense virkningen av den. Den ansvarlige plikter også å treffe tiltak for å avbøte skader og ulemper som følge av forurensningen eller av tiltakene for å motvirke den. Plikten etter dette ledd gjelder tiltak som står i et rimelig forhold til de skader og ulemper som skal unngås.*

Det er ikkje tvilsamt at du som eigar av egedomen er ansvarleg etter lov om forureining.

### **Oppførte bygningar, veglova § 29**

Forutan mogleg forureining på egedomen, meiner Lindås kommune at det er oppført ei rekkje søknadspliktige tiltak. Sjå skraverte bygningar merka på kart.



Det er ikkje fastsett byggjegrensar mot fylkesveg i kommuneplanen sin arealdel. Det er såleis dei byggjegrensene som går fram av veglova som gjeld for egedomen, jf. veglova § 29 1. ledd. Veglova § 29 2. ledd slår fast at «Byggjegrensene skal gå i en avstand på 50 meter frå riksveg og fylkesveg og 15 meter frå kommunal veg». Vi kan ikkje finne at det er gitt naudsynte løyver til tiltaka i våre arkiv.

Vi syner også til at egedomen er avsett til LNFR område med spreidd busetnad i gjeldande kommuneplan. Det er derfor viktig å bevare omsyn til landskap og natur og friluftsliv. Vi gjer også merksam på at eventuell oppbevaring av maskiner knytt til anleggsverksemd av eit visst omfang krev søknad om bruksending frå LNF- område til næringsverksemd.

### Tilbakemelding

Før Lindås kommune går vidare med saka, ber kommunen om at det vert gjort greie for kva som er føremålet med å lagre desse mengdene med bilar/avfall/løysøyre, kva som er tiltenkt på sikt, og til kva bruk dei eventuelt er tiltenkt. Vi ber også om at det vert sendt inn eventuelt andre opplysningar du meiner er relevant for saka.

Tilbakemelding kan sendast til [postmottak@lindaas.kommune.no](mailto:postmottak@lindaas.kommune.no) eller til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Frist for tilbakemelding er 29.04.2015. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer: 14/7212.

Vi gjer også merksam på at det vil vere aktuelt med synfaring på egedomen.

### Aktuelle regler

Plan- og bygningslova § 32-1 første ledd pålegg bygningsmyndigheitene å følgje opp brot på regler som er gitt i eller i medhald av plan- og bygningsloven.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Lars Kristian Elnes  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310 5020

Bergen